



OSTERØY IDROTTSLAG

SKIPA 1918

ÅRSMELDING VALESTRANDSGRUPPA 1987

Formann	Vidar Simmenes (87)
Skrivar	Karin Drange (87)
Kasserar	Grete Brandsdal (87)
Styremedlem	Kari Hannisdal (87-88)
"	Ingemar Valestrand (87-88)
"	Aud Reigstad (87)

Varamedlemer: Lars Olav Birkeland og Idar Elvik

Valnemnd: Karl J. Reigstad (formann), Leif Mjelde og Annbjørg Strømsnes

Det har i 1987 vore 2 styremøte. Aktiviteten er stabil.

Litt om gruppa sine aktiviteter m.m. i 1987.

MAI-STAFETTEN vart skipa til 31. mai. 32 lag stilte til start (26 lag i 1986). Det vart 2 klassesigrar til lag frå Valestrand. I 3 av dei 6 klassane vart det sett nye løyperekordar. Jenter barneskule og gutar ungdomsskule fekk såleis også med sine sigrar vandrepokalar til odel og eiga til Valestrand skule. Vandrepokalane er sett opp av Sparebanken Vest avd. Osterøy.

OLE BULL - LØPET 99 deltakarar mot 82 i 1986. Det var 2 løyper. I 5 km løypa deltok 46 medan 53 trassa varmen og sprang 8.5 km. Det vart sett nye løyperekordar som er 25.59 og 31.08 i den lange løypa og 18.28 og 25.52 i den korte løypa. Den lokale deltakinga er framleis for liten.

FRIIDRETT OG SKI Her er det eit aktivt miljø, men som tidlegare er det dei yngste og eldste som gjer mest av seg.

VALESTRANDSMARKA RUNDT Totalt 13 løp med 63.4 deltakarar i snitt (50.8 i 1986). Deltakarrekorden med 159 frå 1986 er slegen og lyder no på 201. Desse 5 har i 1987 vore med på alle løpa: Torbjørn Simmenes (5) Sigbjørn Reigstad (11), Vidar Simmenes (39), Idar Elvik (43) og eldste deltakaren Nils Valestrand (76). Bestetid i år har Terje Kvamme (36) med 14.01 og Une Søreide (15) med 19.29. Det er delt ut 129 diplomar til dei som har vore med på minst 2 løp. For dei som har vore med på minst 7 løp er det delt ut Valestrandsmarka rundt merke til 58 deltakarar. Det er kjøpt nye merker (300 stk.) for kr. 4.300,- i år.

IDRETTSMERKEPRØVER pr. 1.11. har 30 frå Valestrand klart krava mot 20 i 1986. Utmerking i 1987 går til Leif Mjelde som får Idrettsmerkestatuett.

FURUBAKKEN IDRETTSPLASS På grunn av manglande kommunale løyvingar er det utført minimalt med dugnads og vedlikehaldsarbeid. Nye tiltak er framleis å få sett opp permanent gjerde, grusing, samt midlar til meir utstyr. Gruppa har ved tidlegare utlodningar i samband med avslutting av Valestrandsmarka sett av midlar til utstyr til bana, m.a. utstyrsvogn der det tidlegare er kome inn kr. 2.690,-. I 1987 kom det inn kr. 1.100.-

YMSE Folk frå gruppa har som vanleg vore med og hjelpt til ved ymse arrangement som Osterøy I.L. har skipa til i løpet av året.

Rekneskapen i Valestrandsgruppa pr. 1.11.87 viser ein saldo på kr. 3.179,40 (restbeholding av Valestrandsmarka rundt merke representerer ein verdi av kr. 3.500.- for 242 merker).

Takk for godt samarbeid og god innsats i året som har gått.

- S T Y R E T -

Årsmøte 10.11.1987. Val av styre.

Formann Vidar Simmenes (88)
 Skrivar Rune Strømsnes (88-89)
 Kasserar Grete Brandsdal (88-89)
 Styremedlem Kari Hannisdal (88)
 " Ingemar Valestrand (88)
 " Aud Reigstad (88-89)

Varamedlemer: Lars Olav Birkeland og Idar Elvik

Valnemnd: Karl J. Reigstad (formann), Leif Mjelde og Annbjørg Strømsnes

REKNESKAPSOVERSIKT FOR Valestrandsgruppa
 i OSTERØY IDROTTSKLAG 1987

RESULTATREKNESKAP:

Utgifter:			
Konto nr.	20. Administrasjonsutg.:		
" "	21. Startp. forsikr.:		
" "	22. Utg. v/eigne idrettsarr.:	6241,40	6823,50
" "	23. Utg. til idrettsmateriell:		
" "	25. Utg. til trening og instr.:		
" "	26. Reiser:		
" "	27. Diverse utg.		2,50
Diverse poster:			
" "			
" "			
" "	Overskot:		
Nedtalt:			<u><u>6243,90</u></u>
Inntekter:			
Konto nr.	30. Inntekter ved idrettsarr.:	3135,40	
" "	31. NETTO inntekter ved ikkje idrettsarr.:	852	
" "	32. Tilskot frå hovedkassen:	1100,-	
" "	33. Diverse inntekter:	200,11	
" "	34. Treningsavgift		
Diverse poster:			
" "	21	2862	
" "			
Underskot:		1808,39	6243,90
Nedtalt:			<u><u>6243,90</u></u>

BALANSE:

Aktiva:		Passiva:	
Kasse:	2133,60	Lån, post nr.11:	
Bank: pr. 29/10.87	1045,80	Beholdning pr.31.10.86	4987,79
Salgsmateriell:		+/- overskot/underskot	1808,39
Nedtalt:	<u><u>3179,40</u></u>	Nedtalt:	<u><u>3179,40</u></u>

Grete Brandsdal
 sign. kasserar

Korvald Lille
 sign. revisor

Valestrandsgruppa 4/11-87

(Korr med raud skrift
 på grunn av revisor)